

## Uke 27

### 8. juli: Sunniva (Seljumannamesse)

Sunniva (keltisk prinsesse, martyr, 900-talet)

Dagen er til minne om Sunniva og dei heilage på Selja. Etter legenden var Sunniva ei kongsdatter frå Irland som nekta å gifte seg med ein hedensk viking. Saman med friviljuge seilte ho frå landet sitt i 3 båter. Dei let seg drive over havet og kom til øyane Kinn og Selja i Sogn og Fjordane. Folket på fastlandet i Selje kalte på Håkon Jarl for å få dei ny ankomne vekk frå øya. Då Sunniva og fylgjet hennar så skipa frå jarlen nærme seg, flykta dei inn i ei hule og bad Gud om berging. Steinar rasa ned og stengde inngangen til hola.

Ljos over øya førte til at Olav Tryggvason fann den uskadde lekamen hennar i hola. I 996 lot han byggje ei kyrkje utanfor hola. I 1015 gjekk Olav den heilage fyrst i land på Selja då han kom attende til Noreg.

Soga om Sunniva må ha vore kjende i Nord Tyskland alt på 1000-talet. For Adam av Bremen blanda kring 1070 saman legendane om sjuovarane (sjå 27.7.) og Ursula og dei 11000 møyene (sjå 21.10.) med delar av Sunnivasoga.

Frå 1068 var Selja bispesete for vestlandet. I 1170 blei bispesetet og Sunnivaskrinet flytta til Bergen (sjå 31.8. og 6.9. translatio Sunnivae). Seinare bygde benediktinermunkar ut klosteret på øya.

Sigrid Undset kalla Sunnivahola for det eldste kyrkjjetaket i Noreg. Hola blir også kalla for "livmora til kyrkja i Noreg" (Arne Bakke).

Romersk katolske kyrkjelyder i Noreg har ofte pilgrimstur til Selja kring 8. juli. Den norske kyrkja feirer gudsteneste i Selja kloster ein av dei to fyrste sundagane i juli, med pilgrimsvandring på fredag og laurdag.

**Bøn:** Jesus Kristus, du berga læresveinane dine i stormen på sjøen. Takk for vinden og havstraumen som førte kristne menneske til Selja for over 1000 år sidan. Velsigna er dei kvinnene som kom over havet og helga harde hauger og holer. Lat Guds heilage vind røre og leie oss.

Dei siglde yver ville hav, dei fann i framandt land si grav,  
Men då dei under krossen seig, til himmelhallar høgt dei steig.

*(Nynorsk Salmebok 499,3: etter ein latinsk salme frå millomalderen i seljumannamesse, omsett av Bernt Støylen)*

**Bibeltekstar:** Sal 24      2. Mose 20,18-21      Luk 13,1-5

#### Andre merkedagar:

**2. juli (primstav): Syftesok** (dødsdag for biskop Svithun i 862, sjå 15. juli. 15. juli i vår gregorianske kalender er 2. juli i den julianske kalenderen som nyttast av nokre kyrkjer i øst)

**3. juli (eller 20.6.):** Julius og Aaron var to av dei tre fyrste martyrar i Britannia. Dei vart drepte i Caerlon nær Cardiff i Sør Wales kring 250 eller 300.

**8. juli: Kjetilmess** (eller Kjell fut) er eit anna gammalt namn for 8. juli: Namnet er etter Kilian frå Irland som ble misjonær i Frankenland, drept ca 689 i Würzburg i Sør Tyskland.